

01.01.2020

Retningslinjer for Klarspråk

I Volda kommune skal vi bruke eit klart språk når vi informerer eller kommuniserer med innbyggjarar. Dette er i tråd med retningslinjene for klarspråk frå Språkrådet.

Klart språk betyr at vi skal bruke eit korrekt, tydeleg og brukartilpassa språk i tekstane som vi skriv. Dette for å sikre at mottakarane skal:

- Finne det dei treng
- Forstå det dei finn
- Kunne bruke det dei finn til å gjere det dei skal

Kvifor:

- Fordi klarspråk fremmar demokratiet og rettstryggleiken
- Fordi klarspråk skaper tillit
- Fordi klarspråk fremmar kommunikasjonen
- Fordi klarspråk sparer tid og pengar

Korleis:

- Vi skal vere bevisste på, og tenkje over, kven vi skriv for
- Vi skal finne ut kva vi ønskjer at mottakaren skal vite eller gjere

For å få til dette skal vi følge desse skriveråda:

Innhald:

- Kom raskt til saka. Skriv det viktigaste først.
- Skriv kort. Då sparar du plass, og mottakaren sparar tid.
- Ta berre med det som er relevant for mottakaren.
- Vel ein passe personleg tone. For å finne rette tonen må du ha klart for deg kva du ønskjer å formidle, og kven du skriv til/for.

Avsnitt:

- Del teksten inn i avsnitt for å skape ein tydeleg struktur
- Lag høvelege overskrifter til innhaldet i kvart avsnitt.

Ord:

- Bruk heller korte ord enn lange.
- Forklar vanskelege ord.
- Ikkje bruk upresise eller vage ord.

Setningar:

- Ikkje bruk for mykje passiv. Fortel kven som gjer kva.
- Bruk heller verb enn substantivuttrykk. Skriv heller «endre» enn «gjennomføre endringar».
- Del opp lange setningar.
- Syt for at det er god og logisk samanheng mellom setningane.

Teiknsetjing og rettskriving:

- Pass på teiknsetjinga. Med rett teiknsetjing blir teksten ryddig og lett å lese.
- Stol ikkje på stavekontrollen. Les korrektur eller få ein kollega til å gjere det.
- Bruk ordbøker!

Aktuelle lenker

- Språkrådet: <https://www.sprakradet.no/Klarsprak/>
- E-læringskurset «Den gylne pennen»:
<https://laeringsplattformen.difi.no/kurs/991825827/den-gylne-pennen-et-e-laeringskurs-i-klarsprak>
- Difi: <https://www.difi.no/fagomrader-og-tjenester/klart-sprak-og-brukerinvolvering/klart-sprak>